



Naustet som Arne K. Rød vil byggja på Korsnes.

Over viser vi teikninga av naustet som Arne K. Rød ynskjer å byggja på Korsnes, men som rådmannen ikkje kan godta. Saka skal opp for andre gong i forvaltningskomiteen onsdag, med synfaring først og handsaming seinare på dagen.

Rådmannen fremjar saka pånytt med same saksutgreiing og innstilling som sist. Det er i tråd med føresegnene til reguleringsplanen som seier at bygningen kan oppførast i ei høgd over terreng.

Rådmannen kan difor akseptera naust i ei høgd, som søkjaren allereie har på staden. Men Rød ynskjer av omsyn til skøyta si eit naust i to plan med ei mønehøgde på 6,65 meter målt frå ferdig naustgolv - og ei gesimshøgde på 4,4 meter.

Eit slikt hus er rådmannen redd vil skape presedens. Men fire liknande naust – i to plan - er under oppføring tett inntil - på naboeigedomane i vest.

Dei er tufta på ein eigen reguleringsplan.

Politikarane står difor overfor dette spørsmålet: Skal dei ta omsyn til den eine eller den andre reguleringsplanen?

Av Ola Matti Mathisen